



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 118 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i husbankloven
(handsaming av personopplysningar)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	5.3	Innspeil frå høyringsinstansane	11
			5.4	Vurderingar frå departementet	12
2	Bakgrunnen for lovforslaget	5	6	Innhenting og handsaming av personopplysningar til kontrollføremål	14
2.1	Om behovet for nytt rettsleg grunnlag	5			
2.2	Låneordningane: startlån og grunnlån	6	6.1	Gjeldande rett	14
2.3	Tilskotsordningane	7	6.2	Høyringsforslaget frå departementet	14
3	Høyringa	8	6.3	Innspeil frå høyringsinstansane	14
			6.4	Vurderingar frå departementet	14
4	Rettslege utgangspunkt for personvernet og personopplysningsvernet	8	7	Handsaming av person- opplysningar til statistikk, analyse, forskning og testing	17
4.1	Innleiing: Retten til sjølv å bestemme over eigne personopplysningar	8	7.1	Statistikk og analyse	17
			7.2	Forskning	17
4.2	Grunnlova, Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og personvernforordninga	9	7.3	Testing, feilsøking og feilretting i IKT-system	18
4.3	Nokre sentrale personopplysningsomgrep	9	8	Husbanklova § 4 fjerde ledd: regionale råd	19
4.4	Forholdet mellom husbanklova og personopplysningslova	10	9	Økonomiske og administrative konsekvensar	19
5	Innhenting og handsaming av personopplysningar til sakshandsaming	10	10	Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget	20
5.1	Gjeldande rett og dagens praksis .	10			
5.2	Høyringsforslaget frå departementet	10		Forslag til lov om endringar i husbankloven (handsaming av personopplysningar)	24



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 118 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i husbankloven (handsaming av personopplysningar)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 21. april 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår nye reglar som gjev kommunane og Husbanken rettsleg grunnlag i husbanklova for å hente inn ei rekkje personopplysningar og bruke desse når dei handsamar søknader om lån og tilskot, utan at det er nødvendig med samtykke frå søkjaren. Når det gjeld opplysningar om helseforhold spesielt, skal handsamingsgrunnlaget framleis vere samtykke.

Departementet føreslår også nye heimlar for å hente inn oppdaterte personopplysningar og for å kontrollere personopplysningar, slik at ein kan avdekkje om utbetalingar har skjedd på eit feilaktig grunnlag.

Vidare føreslår departementet eit nytt rettsleg grunnlag for Husbanken til å handsame personopplysningar til statistikk- og analyseføremål. Departementet føreslår også å lovfeste at Husbanken kan lagre personopplysningar til forskingsføremål. Til slutt føreslår departementet eit nytt rettsleg grunnlag for Husbanken til å bruke personopplysningar til nødvendig testing, feilsøking og feilretting i det digitale sakshandsamingssystemet til Husbanken, men berre dersom ein ikkje kan oppnå føremålet ved å bruke anonymiserte opplysningar.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Om behovet for nytt rettsleg grunnlag

Låne- og tilskotsordningane frå Husbanken blir tildele på bakgrunn av skønnsvurderingar. Husbanken og kommunane treng ei rekkje personopplysningar om søkjaren og husstandsmedlemmene til søkjaren for å kunne vurdere om han eller ho har behov for ytingane.

Husbanken og kommunane hentar i dag inn samtykke frå søkjaren og eventuelle husstandsmedlemmer før dei kan samle inn og handsame personopplysningar. I Meld. St. 11 (2012–2013) *Personvern – utsikter og utfordringar* står det at samtykke bør vere det føretrekte handsamingsgrunnlaget dersom den registrerte reelt sett kan velje om han eller ho vil vere registrert eller ikkje. Samtykke er det grunnlaget som best tek vare på retten den registrerte har til å bestemme over eigne personopplysningar. Meldinga peikar likevel på at samtykke er lite eigna som grunnlag for offentlege kontrollføremål. Årsaka til dette er ifølgje stortingsmeldinga både at styrkeforholdet mellom stat og innbyggjar er så skeivt at samtykket ikkje er frivillig, og at samfunnsomsyna veg så tungt at retten til sjølv å bestemme uansett må setjast til side (side 33).

Det er, slik departementet ser det, ikkje tilfredsstillande at handsaming av personopplysningar i samband med låne- og tilskotsordningane til Husbanken er avhengig av samtykke frå søkjaren og eventuelle husstandsmedlemmer. Det krev store ressursar å hente inn samtykke. Departementet meiner det er betre at lovgjevaren innfører lovheimel som handsamingsgrunnlag.

Også etter at ytingane er betalte ut – i forvaltningsperioden – er det behov for personopplysningar. Det vil til dømes gjelde ved betalingsutsetjingar, gjeldsordningar m.m.

Misbruk av ytingar kostar samfunnet store summar kvart år. Arbeids- og velferdsetaten og skattestyresmaktene har heimlar i regelverket sitt for å utføre kontrolltiltak som skal bøte på slike problem. Det same finst i bustøttelova. Husbanken og kommunane har derimot ingen heimel som gjer det mogleg å kontrollere i ettertid at utbetalingar under ordningane deira er rettkomne. På denne bakgrunnen meiner departementet at husbanklova bør ha ein heimel for etterkontroll. Heimelen må setje tydelege rammer for korleis og under kva omstende Husbanken og kommunane kan handsame personopplysningar for å kontrollere om ordningane deira blir misbrukte.

Departementet vil i kapittel 5 til 7 nedanfor gjere greie for forslaget om heimlar til handsaming av personopplysningar i husbanklova. Departementet meiner heimlane bør fellast ned i ulike føresegner som er delte inn etter hovudtypen av føremål. Desse kategoriane er

- sakshandsaming og forvaltning
- kontrollformål
- statistikk, analyse, forskning og testing

2.2 Låneordningane: startlån og grunnlån

2.2.1 Startlån

Startlånet skal bidra til at personar som har langvarige bustadfinansieringsproblem, og som ikkje får lån i vanlege bankar, får høve til å kjøpe eigen bustad – og behalde han. Ordninga er regulert av *forskrift 12. mars 2014 nr. 273 (startlånforskriften)*, som er gjeven med heimel i husbanklova § 1. Forskrifta stiller ikkje krav om eigenkapital for å få startlån, men lånet må kunne betalast ned ved sida av alle andre utgifter. Søknader om startlån blir handsama av kvar enkelt kommune, men elektroniske søknader blir tekne imot i ei felles løysing for heile landet. Det er Husbanken som administrerer denne løysinga.

Kommunane skal etter startlånforskrifta § 9 «innhente og kontrollere opplysningar som er nødvendige for å behandle søknader og ved utbetaling av startlån». Opplysningane som er nødvendige for å kunne vurdere søknader om startlån, blir henta inn frå søkjaren sjølv via søknadsskjema og frå offentlege register. I søknadsskjemaet må søkjaren gje opplysningar om

- føremålet med søknaden
- medlemmene i husstanden og kor gamle dei er
- inntekt, formue og gjeld
- buforhold i dag
- livssituasjon og eventuelle helseproblem (det vil seie opplysningar om helse)
- utdanning
- arbeidsforhold
- offentlege ytingar (inkludert barnebidrag)
- forbruksutgiftene i husstanden

Dei opplysningane som må hentast inn frå offentlege register, blir henta inn med samtykke frå den opplysningane gjeld («søkjaren» eller «den registrerte»). Samtykkeerklæringa frå hovudsøkjaren og medsøkjaren (i papirsøknaden) har denne ordlyden:

«Eg/vi bekreftar at opplysningane i skjemaet er riktige og fullstendige. Eg/vi gir kommunen fullmakt til å innhente opplysningar, også slike som er underlagde teieplikt, som er nødvendige for å behandle søknaden. Dersom det skjer endringar som kan ha noko å seie for behandlinga av søknaden, pliktar eg/vi å melde frå om det.»

Når søkjaren brukar e-søknad, samtykkjer han til at kommunen hentar inn desse opplysningane:

- namn, adresse og personstatus (frå folkeregisteret)
- mobilnummer, e-postadresse og reservasjonsstatus (frå kontaktregisteret)
- fødselsnummer og språk (frå ID-porten)
- formue, gjeld og dei to siste sjølvmeldingane (frå Altinn)
- aktive arbeidsforhold (frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret)
- bustøtte (frå Husbanken)
- bustadopplysningar (frå Kartverket)

2.2.2 Grunnlån

Føremålet med grunnlånet er å bidra til å fremje viktige bustadkvalitetar som miljø og universell utforming i nye og eksisterande bygg, skaffe

bustader til vanskelegstilte og husstandar i etableringsfasen, og sikre nødvendig bustadforsyning i distrikta. Grunnlånet kan nyttast til å finansiere nye bustader, utbetre bustader, byggje om bygningar til bustader og kjøpe nye og brukte utleigebustader. Lånet skal bidra til å oppnå bustadpolitiske mål som elles ikkje vil bli oppnådde. Lånet kan bli tildelt til både private og juridiske personar.

Husbanken avgjer søknader om grunnlån basert på opplysningar om låntakarane og bustadene. Personopplysningar blir henta inn dels direkte frå søkjaren, dels ved at søkjaren gjev Husbanken fullmakt til å hente inn opplysningar frå offentlege etatar og finansinstitusjonar.

Søkjaren gjev desse opplysningane:

- namn, adresse (også e-post) og fødselsnummer
- yrke, arbeidsgjevar og tilsetjingsforhold (fast/mellombels)
- eventuell verje
- talet på medlemmer av husstanden
- buforhold i dag
- inntekt, formue og gjeld
- finansieringsplan
- sivilstand
- eventuelle funksjonshemmingar, som skal dokumenterast med legeattest eller sosialrapport

2.3 Tilskotsordningane

2.3.1 Innleiing

Tilskotsordningane frå Husbanken som er retta mot privatpersonar, er regulerte av *forskrift 23. februar 2011 nr. 191 om tilskudd til etablering og tilpasning av bolig, med mer*. Tilskotsordningane skal bidra til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det er kommunane som handsamar søknadene og tildeler tilskota.

2.3.2 Etableringstilskot

Tilskot til etablering skal bidra til at vanskelegstilte kan etablere seg i eigen bustad. Tilskotet er strengt økonomisk behovsprøvd. Dette vil seie at dei økonomiske problema i husstanden skal vere langvarige.

Tilskot til etablering blir gjeve til å kjøpe, føre opp eller refinansiere eigen bustad. Kommunen kan også gje tilskot til å utbetre ein nyinnkjøpt bruktbustad. Som hovudregel blir tilskotet gjeve saman med startlån, som også blir tildelt av kommunane.

2.3.3 Tilpassingstilskot

Tilskotet til tilpassing av bustad skal bidra til at personar med spesielle bustadbehov får tilpassa bustaden til desse behova. Å tilpasse ein bustad vil seie at han blir gjort meir eigna, når det oppstår eit spesielt behov. Det blir gjeve tilskot til husstandar som har personar med behov for tilpassa bustad, medrekna eldre. Tilskotet er økonomisk behovsprøvd. Kommunane vurderer tilskot til tilpassing i samanheng med dei andre økonomiske verkemidla til Husbanken og andre statlege eller kommunale verkemiddel som bidreg til at personar med spesielle behov i størst mogleg grad skal kunne bu heime og få tenester i sin eigen heim.

Tilskotet går til ulike former for tilpassing. Det kan dreie seg om enkle tiltak, som å fjerne dørter-sklar. Det kan også gjelde større ombyggingar, som å endre ei romløyising. Tilskotet kan også gå til å finansiere profesjonell hjelp til utgreiing og prosjektering (som blir gjeven direkte frå Husbanken). Tilskotet kan brukast til å gjere enkle undersøkingar av eksisterande bustad og tilkomst til bustad, skildringar av den tekniske tilstanden på bustaden, arealbehov, moglegheiter og avgrensingar, og økonomisk overslag (utgreiing). Tilskotet kan bli gjeve til å dekkje kostnader til fagleg støtte til prosjektering av både nye og eksisterande bustader, altså til arkitekthonorar eller liknande. Det kan også bli gjeve tilskot til prosjektering av velferdsteknologi. Prosjektering og eventuell utgreiing i forkant skal utførast av fagkunnige og må skje i forståing med ein ergoterapeut eller bustadkonsulent i kommunen.

2.3.4 Søknadsskjemaet

Søknadsskjemaet for tilskotsordningane er det same som blir brukt for startlån – sjå skildringa under punkt 2.2.1. I papirsøknaden blir det i utgangspunktet bede om dei same personopplysningane for startlån og for tilskot. Dersom søkjaren derimot vel elektronisk søknad, blir det berre spurt etter opplysningar som er relevante for det tilskotet søkjaren søker om.

Husbanken og kommunane får altså inn opplysningar på tre måtar: For det første får Husbanken og kommunane opplysningar ved at søkjaren sjølv gjev opplysningar i søknadsskjemaet. For det andre får Husbanken og kommunane opplysningar gjennom å krevje at søkjaren legg ved dokument i søknadsskjemaet. For det tredje gjev søkjaren Husbanken og kommunane fullmakt til å hente inn opplysningar frå spesifiserte kjelder eller register.

3 Høyringa

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende 25. oktober 2016 forslag om endringer i husbanklova på høyring. Forslaget blei sendt til desse høyringsinstansane:

Departementa

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Datatilsynet
Difi
Folkeregisteret
Forbrukarrådet
Helsedirektoratet
Husbanken
Husleigetvistutvalet
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)
Kartverket
Klagenemnda for Husbanken
Lånekassen
Arbeids- og velferdsetaten
Regjeringsadvokaten
Riksrevisjonen
Sametinget
Skattedirektoratet
Statens seniorråd
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
Utlendingsdirektoratet

Kommunane

Den Norske Advokatforening
Eiendom Norge
Ensliges landsforbund
Finans Norge
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Huseiernes Landsforbund
Juss-Buss
Kirkens Bymisjon
Kommunale Boligadministrasjoners Landsråd (KBL)
KS
Leieboerforeningen
Leieboerforeningen i Bergen
Norges Huseierforbund
Norges Juristforbund
Norges Eiendomsmeglerforbund (NEF)
Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)
OBOS
Pensjonistforbundet
Redningsselskapet
Sparebankforeningen
Unge Funksjonshemmede

Høyringsfristen gjekk ut 31. desember 2016. Departementet fekk inn 25 fråsegner om forslaget. Eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar forslaga.

Desse instansane tok opp realiteten i forslaget:

Helse- og omsorgsdepartementet

Datatilsynet
Helsedirektoratet
Husbanken
Politidirektoratet
Skattedirektoratet
Utlendingsdirektoratet

Drammen kommune
Hammerfest kommune
Oslo kommune, byrådsavdeling for eldre, helse og sosiale tjenester
Oslo kommune, velferdsetaten
Stavanger kommune

Legeforeningen
Redningsselskapet

Desse instansane uttalte positivt at dei ikkje hadde merknader til forslaget:

Arbeids- og sosialdepartementet
Forsvarsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Klima- og miljødepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Kartverket
Arbeids- og velferdsetaten (Nav)

Holmestrand kommune
Leieboerforeningen

4 Rettslege utgangspunkt for personvernet og personopplysningsvernet

4.1 Innleiing: Retten til sjølv å bestemme over egne personopplysningar

Personvern og respekten for fred i privatlivet har lange tradisjonar i Noreg og i dei internasjonale menneskerettskonvensjonane. Personvernet omfattar vern av personleg integritet, autonomi og fred i privatlivet.

Ei praktisk viktig side av personvernet er personopplysningsvernet. Personopplysningsvern handlar om retten til å råde over egne personopplysningar, altså opplysningar og vurderingar som er knytte til ein enkeltperson. Personopplysningsvernet gjev den enkelte høve til sjølv å kontrollere når og korleis informasjon om eigen person blir spreidd til andre, og kor mykje som blir spreidd. Generelle reglar om handsaming av personopplysningar er å finne i personopplysningslova.

4.2 Grunnlova, Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og personvernforordninga

Grunnlova § 102 første ledd første punktum slår fast at «[a]lle har rett til respekt for privatlivet og familielivet sitt, for heimen sin og kommunikasjonen sin». Føresegna synest å føre med seg ein individuell og materiell rett til privatliv (psykisk integritet). Andre ledd slår fast at «[d]ei statlege styresmaktene skal sikre eit vern om den personlege integriteten», og omfattar, i motsetning til første ledd, også den fysiske integriteten. Føresegna var ny ved grunnlovsreforma i 2014. Når ein skal avgjere om ei lov som grip inn i privat- og familielivet, heimen, personleg kommunikasjon eller den personlege integriteten, er i samsvar med § 102, må ein vurdere om lova tek opp eit legitimt føremål og er rimeleg.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 8 vernar også om den retten borgarane har til respekt for privatlivet. EMK set grenser for kva lovgjevaren kan vedta. Sjølv om eit kontrolltiltak skulle representere eit inngrep i privatlivet, er det likevel ikkje i strid med konvensjonen dersom inngrepet har heimel i lov, har eit relevant føremål og er nødvendig i eit demokratisk samfunn.

Lovforslaga her gjev forholdsvis vide heimlar for å hente inn, bruke og kontrollere personopplysningar, men departementet meiner likevel at forslaga ligg godt innanfor rammene av Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8. Begge føresegnene krev samsvar mellom kontrolltiltaka og føremålet. Departementet viser til dei kontinuerlege vurderingane av dei konkrete forslaga. Departementet meiner at dei føreslåtte heimlane ikkje går lenger enn det som er nødvendig, slik at det med andre ord er eit rimeleg samsvar mellom mål og middel.

Personvernforordninga i EU blei vedteken i april 2016 og gjeld i medlemsstatane i EU frå 25. mai 2018. Forordninga skal gjennomførast i norsk rett. Forordninga vil ikkje føre til endringar i dei grunnleggjande prinsippa i personvernretten, og

ein reknar ikkje med at ho vil få vesentlege konsekvensar for lovforslaget.

4.3 Nokre sentrale personopplysningsomgrep

Opplysningar og vurderingar som gjeld ein enkeltperson, er *personopplysningar*. Dette følgjer av personopplysningslova § 2 nr. 1. Opplysningar om bustaden, inntekta, formuen, buutgiftene og husstandsmedlemmene til ein person er døme på personopplysningar. Opplysningar om helseforhold er definert som *sensitive personopplysningar*, jf. personopplysningslova § 2 nr. 8 bokstav c. Uttrykket «helseforhold» omfattar opplysningar om den tidlegare, noverande og framtidige fysiske eller psykiske tilstanden til ein person, inkludert opplysningar om medisin- og narkotikamisbruk. Også opplysningar om sosiale forhold kan kome inn under «helseforhold» dersom dei sosiale forholda påverkar helsa. Spørsmålet om tilknyttinga mellom sosiale forhold og helse er så sterk at opplysninga skal definerast som ei opplysning om helseforhold, må vurderast konkret, jf. Ot.prp. nr. 92 (1998–99) *Om lov om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven)*.

Handsaming av personopplysningar omfattar all bruk av personopplysningar, til dømes «inn-samling, registrering, sammenstilling, lagring og utlevering eller en kombinasjon av slike bruksmåter», jf. personopplysningslova § 2 nr. 2. Føresegna er nokså breitt utforma og omfattar eit spekter av ulike måtar å nytte personopplysningar på. § 3 i lova, som handlar om sakleg verkeområde, set likevel opp nokre avgrensingar. For å vurdere om det er snakk om handsaming, skal ein ta utgangspunkt i føremålet med handsaminga, inkludert kvifor handsaminga skjer, og kva ein søker å oppnå med handsaminga. Manuell handsaming av personopplysningar som ikkje skal inngå i eit personregister, fell utanfor verkeområdet.

Den *handsamingsansvarlege* er «den som bestemmer formålet med behandlingen av personopplysninger og hvilke hjelpemidler som skal brukes», jf. personopplysningsloven § 2 nr. 4. Dette kan til dømes vere den øvste leiaren i ei verksemd eller i ein organisasjon. Den handsamingsansvarlege er pliktsubjektet, i den tydinga at det er denne personen som skal sørge for å halde krava i lova, og som kan bli straffa for brot på lova, jf. § 48.

Personopplysningslova § 2 nr. 5 definerer *datahandsamaren* som «den som behandler personopplysninger på vegne av den behandlingsan-

svarlige». Både juridiske og fysiske personar kan ha rolla som datahandsamar, og det kan vere ein intern eller ekstern aktør. Forholdet mellom den handsamingsansvarlege og datahandsamaren skal vere regulert i ein datahandsamaravtale. Den handsamingsansvarlege skal halde oppsyn med datahandsamaren og kontrollere at handsaminga av personopplysningane er i tråd med lovreglane og avtalen mellom partane.

Personopplysningar kan berre «handsamast» dersom det finst eit *handsamingsgrunnlag*, jf. personopplysningslova § 8. Handsamingsgrunnlag kan ifølgje føresegna vere lovheimel, samtykke frå den registrerte eller at handsaminga er «nødvendig» for visse føremål som er lista opp i § 8, til dømes for å utøve offentleg styresmakt. Dei ulike handsamingsgrunnlagane er likeverdige. Det gjeld strengare vilkår for når ein kan handsame sensitive personopplysningar, jf. personopplysningslova § 9.

4.4 Forholdet mellom husbanklova og personopplysningslova

Personopplysningslova § 5 regulerer forholdet til andre lover. Det går fram av føresegna at reglane i lova ikkje gjeld for handsaming av personopplysningar dersom anna følgjer av ei særskild lov som regulerer handsamingsmåten. Det er altså høve til å gje avvikande reglar, men føresegnene i personopplysningslova gjeld så sant ikkje anna følgjer av den særskilde lova. Det vil mellom anna seie at ein framleis skal leggje til grunn krava til informasjonstryggleik m.m. i personopplysningslova.

Personopplysningslova § 11 stiller opp fem vilkår, som alle må vere oppfylte for at handsaminga kan seiast å vere i samsvar med lova. Bokstav a pålegg den handsamingsansvarlege å sørge for at personopplysningar berre blir handsama når det finst handsamingsgrunnlag etter §§ 8 og 9. Bokstav b understrekar at personopplysningar berre kan brukast til uttrykkjeleg nemnde føremål. Vidare avgrensar bokstav c moglegheita til å bruke allereie innsamla personopplysningar til føremål som ikkje er i samsvar med det opphavlege innsamlingsføremålet. Bokstav d pålegg den handsamingsansvarlege å sørge for at personopplysningar som blir handsama, er tilstrekkelege og relevante for føremålet med handsaminga. I bokstav e har den handsamingsansvarlege plikt til å sørge for at opplysningane er korrekte og oppdaterte, og at dei ikkje blir lagra lenger enn det som er nødvendig ut frå handsamingsføremålet. Departementet meiner at forslaga her er i samsvar med desse grunnprinsippa.

5 Innhenting og handsaming av personopplysningar til sakshandsaming

5.1 Gjeldande rett og dagens praksis

Husbanken og kommunane får i dag personopplysningar på tre måtar. For det første får Husbanken og kommunane opplysningar ved at søkjaren sjølv gjev opplysningar i søknadsskjemaet. For det andre får Husbanken og kommunane opplysningar gjennom å krevje at søkjaren legg ved dokument i søknadsskjemaet. For det tredje gjev søkjaren Husbanken og kommunane fullmakt til å hente inn opplysningar frå spesifiserte kjelder eller register. Departementet viser til nærare omtale i punkt 2.2 og 2.3.

5.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsutkastet føreslo departementet nye reglar i husbanklova som gjev kommunane og Husbanken rettsleg grunnlag for å hente inn personopplysningar og bruke desse når dei handsamar søknader om lån og tilskot, utan at det er nødvendig med samtykke frå søkjaren.

Departementet føreslo ein heimel for Husbanken og kommunen til å hente inn opplysningar både om søkjaren sjølv og husstandsmedlemmene til søkjaren.

I forslaget blei det skildra konkret kva slags personopplysningar som skal kunne hentast inn, og frå kva kjelder og kva register.

Nokre gonger treng Husbanken og kommunane opplysningar om helsa til søkjaren for å kunne vurdere ein søknad. Sjølv om opplysningar om helsa til søkjaren er sensitiv informasjon, føreslo departementet at Husbanken og kommunane skulle få rett til å hente inn «naudsynte» helseopplysningar direkte frå helsepersonell utan hinder av teieplikta til helsepersonellet. Dette gjeld for det første for søknader om tilpassingstilskot. Husbanken og kommunen vil ha behov for å vite meir om den nedsette funksjonsevna til søkjaren for å kunne gjere ei god vurdering av behovet for å tilpasse ein bustad. For det andre kan det nokre gonger vere behov for å vite meir om helsa til søkjaren i samband med søknader om startlån. Sjølv om den økonomiske situasjonen til søkjaren er det primære vurderingstemaet, følgjer det av startlånforskrifta § 3 fjerde ledd bokstav a at kommunen kan gje startlån dersom husstanden har «særlege sosiale eller helsemessige utfordringer».

Forslaget gjekk ut på å erstatte dagens praksis med samtykke frå søkjaren, med lovheimel som

rettsleg grunnlag for å handsame personopplysningar. Departementet føreslo at heimelen skulle omfatte erklæringar og fråsegner som skildrar funksjonsnedsetjingane til søkjaren, eller andre medisinske forhold som verkar inn på ytinga det er søkt om, og erklæringar om uførleik relatert til yrket til personen eller til arbeid generelt («yrkesmessig eller ervervsmessig uførhet»). I tillegg føreslo departementet å gje Husbanken rett til å hente inn spesifiserte eller redigerte utdrag av pasientjournalen når dette er nødvendig for å vurdere om søkjaren har behov for det aktuelle lånet eller tilskotet.

5.3 Innspel frå høyringsinstansane

Helse- og omsorgsdepartementet er oppteke av å avgrense spreinga av helseopplysningar. Departementet viser til at helseopplysningar ligg under teieplikt etter helsepersonellova §§ 21 f., og at det følgjer av både pasientjournallova og helseregisterlova at dei som handsamar helseopplysningar etter dei nemnde lovene, har teieplikt etter helsepersonellova. Helse- og omsorgsdepartementet meiner at helseopplysningar som er samla inn i helse- og omsorgstenesta, må handsamast innanfor like strenge rammer som helselovgjevinga fastset, sjølv om opplysningane blir leverte ut til aktørar utanfor helse- og omsorgstenesta. Bruk av helseopplysningar som er samla inn i helse- og omsorgstenesta, til sakshandsaming og kontroll av ordningane til Husbanken krev ei nærare vurdering av konsekvensane for personvernet til søkjaren. Dette gjeld ikkje minst tilgang til helseopplysningar om andre enn søkjaren sjølv.

Datatilsynet støttar forslaget om å gje lovføresegner for handsaming av personopplysningar. Datatilsynet er einig i at samtykke er ueigna som rettsleg grunnlag når Husbanken og kommunane handsamar opplysningar om ein person som søker om tilskot eller lån. Slik Datatilsynet ser det, er det vanskeleg å oppfylle vilkåret om eigen vilje på grunn av den økonomiske situasjonen søkjaren gjerne vil vere i. Datatilsynet meiner at høyringsnotatet gjev ei tilfredsstillande framstilling av kva personopplysningsvern er, og kva rettslege skrankar som gjeld for staten når det gjeld inngrep i rettssfæren til borgarane gjennom å hente inn og bruke personopplysningar. Datatilsynet synest likevel at prinsippet om medråderett, i form av retten til å vere informert, må kome betre til uttrykk i lovteksten.

Datatilsynet les § 10 fjerde ledd i lovforslaget slik at Husbanken og kommunane får ei lovpålagd

informasjonsplikt overfor dei institusjonane som blir pålagde å gje frå seg opplysningar om søkjaren. Datatilsynet peikar samtidig på at lovforslaget ikkje har noka føresegn som statuerer ei klar informasjonsplikt overfor den som søker. Datatilsynet meiner ein må lovfeste at også søkjaren (og husstanden til vedkomande dersom det er relevant) på søknadstidspunktet må få informasjon om kva kjelder det blir henta opplysningar frå, kva dei skal brukast til, og den retten Husbanken har til å gjennomføre etterfølgjande kontrollar. Dersom departementet fell tilbake på reguleringa om informasjonsplikt i personopplysningslova, vil det ikkje vere noka informasjonsplikt, i og med at det gjeld eit unntak frå plikta til å gje informasjon dersom innsamlinga av opplysningane er uttrykkelig fastsett i lov, jf. personopplysningslova § 20 andre ledd bokstav a. Datatilsynet meiner dette ikkje er tilfredsstillande, fordi ein ikkje kan rekne med at alle personar som søker Husbanken om ytingar, er kjende med lovreguleringa på området. Datatilsynet tilrår derfor å tydeleg lovfeste informasjonsplikta.

Helsedirektoratet meiner at interessene til samfunnet og behovet for korrekte opplysningar er rimeleg balansert mot personvernet og teieplikta i lovforslaget.

Husbanken er svært positive til forslaget. Husbanken meiner lovregulering gjer området klarare og meir føreseieleg.

Politidirektoratet støttar forslaget.

Skattedirektoratet støttar forslaget. Skattedirektoratet meiner at handsaming av personopplysningar i det offentlege i størst mogleg grad bør vere heimla i lov.

Utlendingsdirektoratet (UDI) viser til forslaget om at Husbanken og kommunane skal få heimel til å hente inn opplysningar om opphaldsløyve. UDI går ut frå at det også kan vere aktuelt å hente inn opplysningar om registrerte EØS-borgarar. På denne bakgrunnen foreslår direktoratet å føye til opplysningar om opphaldsrett i lovteksten.

Hammerfest kommune støttar forslaget. Hammerfest kommune meiner det er viktig med tilgang til å kontrollere data både i forkant og i etterkant av sakshandsaminga. Slik kan ein sikre at ein treffer målgruppa for verkemidla godt nok.

Oslo kommune, byrådsavdeling for eldre, helse og sosiale tjenester er positive til forslaget. Kommunen er einig i at søkjaren bør få høve til å hente inn opplysningar frå arbeidsgjevaren og banken sjølv.

Oslo kommune, velferdsetaten støttar forslaget.

Stavanger kommune støttar forslaget. Stavanger kommune er einige i at lovheimlar er eit meir praktisk, tenleg og eigna rettsgrunnlag for å

hente inn personopplysningar enn samtykke. Lovheimlar vil også effektivisere sakshandsaminga og gjere henne tydeleg og føreseieleg for alle paratar.

Legeforeningen meiner lovgjevaren ikkje bør lovfeste nok eit unntak frå teieplikta, og at den noverande ordninga med bruk av samtykke bør først vidare. Legeforeningen registrerer at det stadig blir innført nye unntak frå teieplikta for helsepersonell, og skriv at teieplikta er med på å verne om svært viktige omsyn for helsevesenet, pasientane og helsepersonellet. Teieplikta skal bidra til å sikre at pasientane har tillit til helsevesenet og helsepersonellet. Pasienten skal kunne kjenne seg trygg på at dei opplysningane han eller ho gjev til legen sin, ikkje blir brukte til anna enn helsehjelp overfor ein sjølv. Alle unntak frå teieplikta kan skade relasjonen mellom lege og pasient, og må derfor vere både godt grunngevrne og nødvendige. Legeforeningen er ikkje einig i at det behovet Husbanken har for helseopplysningar kan samanliknast med det behovet Arbeids- og velferdsetaten har. Slik Legeforeningen ser det, er Husbanken meir å samanlikne med ein finansinstitusjon eller eit forsikringsselskap, som begge treng samtykke frå den det gjeld, for å kunne hente inn helseopplysningar. Legeforeningen kommenterer at forsikringsselskapet kan seiast å vere i den same situasjonen som Husbanken – det er ei form for tvunge samtykke til å levere ut helseopplysningar fordi ein ikkje vil kunne bli forsikra eller hente ut forsikringsgevinst dersom ein nektar. At samtykket på den måten er tvunge, er ikkje eit avgjerande argument for å innføre eit lovfesta unntak frå teieplikta.

Legeforeningen peikar på at den noverande ordninga med samtykke sikrar at pasienten blir godt informert og sjølv har skrive under på at legen skal kunne gje frå seg dei nødvendige opplysningane. Dersom lova likevel blir endra, må søkjaren på førehand få utfyllande informasjon om at det vil bli henta inn opplysningar om helsa hans eller hennar. Informasjonen bør vere like tydeleg som om ein måtte ha henta inn samtykke til det. Søklarane bør også tydeleg få høve til å trekkje søknaden dersom dei ikkje ønskjer at helseopplysningane deira (eller andre opplysningar) skal bli henta inn.

Redningsselskapet reknar med at det blir tenlege og praktiske løysingar for overføring av personopplysningar frå småbåregisteret. Dei føreset også at det berre blir sendt førespurnad til småbåregisteret når det er nødvendig for sakshandsaminga, og berre dersom søkjaren seier at han eller ho har båt som er registrert.

5.4 Vurderingar frå departementet

5.4.1 *Kven skal kunne hente inn opplysningar, og til kva føremål?*

Det må gå klart fram av det rettslege grunnlaget kven som skal kunne hente inn og handsame opplysningar, og til kva føremål. Kven som hentar inn opplysningar, varierer i dag noko frå støtteordning til støtteordning. Søknader under låneordningane blir i hovudsak handsama av kommunane. Husbanken har i tillegg lansert eit felles elektronisk søknadssystem og lanserer i 3. kvartal 2017 eit kommunalt sakshandsamingssystem både for startlån og tilskot. Korleis det ferdige systemet vil sjå ut, er ikkje klart. Husbanken skal stå for drifta av sakshandsamingssystemet, medan sjølv sakhandsaminga blir gjort av kommunane ved hjelp av det nye sakshandsamingssystemet. Både Husbanken sjølv og kommunane må derfor ha heimel til å handsame personopplysningar i samband med både låne- og tilskotsordningane.

Lovheimelen må vere utforma slik at han dekkjer handsaming av personopplysningar til all ordinær sakshandsaming under ordningane til Husbanken. Sidan desse ordningane vil kunne bli lagde om, må ordlyden i heimelen vere noko meir generell, men likevel slik at det ikkje er tvil om kva føremål han er meint å gjelde for.

5.4.2 *Kven skal ein kunne hente inn opplysningar om?*

Husbanken og kommunane har, i tillegg til behovet for opplysningar om søkjaren, også behov for opplysningar om ungane, ektefellen og/eller sambuaren til søkjaren, og eventuelle andre husstandsmedlemmer, for å vurdere den totale økonomiske situasjonen til søkjaren. Det kan vere svært ressurskrevjande å hente inn samtykke, særleg når det er nødvendig med samtykke frå fleire personar i den same søknaden.

Lovheimelen må rekne opp kva for personar Husbanken og kommunane skal ha tilgang til å handsame opplysningar om. Personkretsen må vere avgrensa til dei som er relevante for behova til søkjaren i den aktuelle støtteordninga. Sidan det ikkje er like stort behov for opplysningar om tredjepersonar som det er for opplysningar om søkjaren sjølv, må heimelen avgrense kva opplysningar det er høve til å hente inn om slike tredjepersonar. Departementet føreslår at heimelen blir avgrensa til opplysningar som er «nødvendige». Eit døme kan vere der ungane til søkjaren har nedsett funksjonsevne og dette er grunnlaget for ein søknad om tilpassingstilskot.

5.4.3 Opplysningstypar og kjelder

Ein lovheimel for handsaming av personopplysningar må skildre kva for opplysningstypar den aktuelle handsaminga skal kunne omfatte. For at heimelen skal vere tydeleg, både for den registrerte og dei som har personopplysningar om den registrerte, bør heimelen også rekne opp kva for kjelder ein skal kunne hente opplysningar frå.

Ei utfordring er at kvar støtteordning har ulike tildelingskriterium, som til ein viss grad blir fastsette av kvar enkelt kommune. Det kan føre til behov for ulike opplysningar for handsaming av søknader til ei og same støtteordning, og dermed skilnader frå kommune til kommune. Legalitetsprinsippet tilseier samtidig at lova så tydeleg som mogleg må skildre kva opplysningar det er høve til å hente inn til dei konkrete føremåla. Departementet har i lovforslaget laga ei nokså vid, men samtidig spesifisert, skildring av kva opplysningar ein kan hente inn, så sant opplysningane er nødvendige i det enkelte tilfellet.

Departementet føreslår ein lovheimel som gjer at ein kan hente opplysningar direkte frå offentlege register og instansar, så sant søkjaren er klart informert om kva opplysningar som er nødvendige, før dei blir henta inn.

Det finst nokre unntak frå hovudregelen om at opplysningar kan hentast inn med heimel i lov utan samtykke frå den registrerte. Unntaka er skildra i punkt 5.4.4 og 5.4.5.

5.4.4 Opplysningar om helseforhold

Opplysningar om helseforhold er definert som sensitive personopplysningar, jf. personopplysningslova § 2 nr. 8 bokstav c. Innhenting og handsaming av opplysningar om helseforhold er underlagt særskild lovregulering. Helsepersonell har teieplikt etter helsepersonellova § 21.

Husbanken har kort oppsummert behov for opplysningar om helseforhold av to årsaker: For det første kan helserelaterte forhold verke inn på den økonomiske situasjonen til søkjaren, som er det primære vurderingstemaet ved tildeling under ordningane til Husbanken. For det andre har omfanget og karakteren av funksjonsnedsetjingar innverknad ved vurdering av tilskot til tilpassing av eigen bustad. Behovet for opplysningar om helseforhold er altså nokså avgrensa.

Departementet føreslo i høyringsnotatet at Husbanken og kommunane skulle få rettsleg grunnlag i lov til å hente inn og handsame helseopplysningar. Som ein nødvendig konsekvens av forslaget føreslo departementet samtidig å frita

helsepersonell frå teieplikt, slik at det ikkje skulle vere tvil om at dei kan levere ut opplysningar til Husbanken eller kommunane.

Legeforeningen er mellom anna uroa for at teieplikta blir utvatna, og at relasjonen mellom pasient og lege vil bli skadelidande. Også Helse- og omsorgsdepartementet har i høyringa gjeve uttrykk for at det er viktig å hindre at helseopplysningar blir spreidde. Departementet har forståing for den skepsisen Legeforeningen og Helse- og omsorgsdepartementet uttrykkjer. Det kan, slik departementet ser det, vere grunn til å vere tilbakehalden med å gje lovheimel for å hente inn opplysningar om helseforhold utan samtykke som fritenk helsepersonell frå teieplikt. Når det gjeld dei helseopplysningane helsepersonellet sit på, finst det i dag ingen gode løysingar for maskinell henting. Det er heller ikkje grunn til å tru at slike løysingar vil kome på plass med det første. Husbanken har opplyst at det derfor vil vere liten gevinst i å hente inn opplysningane direkte frå helsepersonell.

Departementet har på bakgrunn av dette kome til at Husbanken og kommunane ikkje bør få rett til å hente inn opplysningar om helseforhold direkte frå kjelda, men at dei framleis må basere seg på samtykke frå søkjaren. Departementet meiner at hovudinnvendinga mot å basere handsaming av personopplysningar på samtykke – at samtykket ikkje er frivillig – ikkje er gyldig. Når det gjeld rettsbaserte ordningar som sjukepengar, dagpengar under arbeidsløyse, uføretrygd, stønad til livsopphald og liknande, er søkjaren ofte avhengig av desse til livsopphaldet sitt. For dei rettsbaserte ordningane er det dermed naturleg å argumentere med at søkjaren reelt sett ikkje har noko val med omsyn til om han vil gje samtykke eller ikkje. Lovheimel vil då vere å føretrekkje. Verken grunnlån, startlån eller tilpassingstilskotet er rettsbaserte velferdsordningar som søkjaren er avhengig av på same måten som velferdsordningane som er nemnde ovanfor. Det er også frivillig å søkje om desse støtteordningane. Dette tilseier at det samtykket søkjaren blir beden om å gje før det blir henta inn helseopplysningar, reelt sett er eit frivillig samtykke.

Husbanken og kommunane må etter dette halde fram dagens praksis med å hente inn samtykke frå søkjaren, eller be om at søkjaren sjølv legg fram opplysningar om helseforhold.

5.4.5 Opplysningar frå arbeidsgjevar og bank

Innhenting av opplysningar direkte frå arbeidsgjevaren og banken til ein søkjar kan opplevast som

belastande for s kjaren. Ein arbeidsgjevar og ein bank kan f  inntrykk av at s kjaren er i ein van-skeleg  konomisk situasjon. For nokre vil det at arbeidsgjevaren og banken f r slik innsikt, vere uproblematisk, medan andre til d mes kan bli uroa for   bli tildelt mindre ansvar p  arbeidsplassen. Derfor b r kommunane og Husbanken alltid vurdere om opplysningar fr  desse kjeldene b r hentast inn via s kjaren, sj lv om ein har lovheimel for   hente dei direkte. Ein slik framgangsm te vil vere best i samsvar med prinsippet om medr derett. N r det ikkje gjev meirverdi for personvernet   hente inn opplysningar via s kjaren, vil derimot effektivitetsomsyn tilseie at Husbanken og kommunane hentar inn opplysningar direkte fr  arbeidsgjevaren og banken.

6 Innhenting og handsaming av personopplysningar til kontrollf rem l

6.1 Gjeldande rett

Husbanklova har ikkje heimlar for   hente inn og handsame personopplysningar til kontrollf rem l. Samtykke er ikkje eigna som rettsleg grunnlag for   handsame opplysningar til kontrollf rem l.

6.2 H yringsforslaget fr  departementet

Departementet f reslo ogs  eit nytt rettsleg grunnlag for   hente inn og bruke personopplysningar til   kontrollere om utbetalingar har skjedd p  eit feilaktig grunnlag. Sidan ordningane til Husbanken utgjer bruk av offentlege midlar, tok h yringsnotatet utgangspunkt i at det er legitimt   gjere n dvendige og rimelege tiltak for   avdekkje og avgrense misbruk av ordningane. Samtidig presiserte departementet at det   hente inn nye opplysningar om s kjaren ved mistanke om misbruk potensielt er meir belastande for personvernet til s kjaren enn det   hente inn opplysningar til handsaming av ein s knad. Dermed m  heime-len vere heilt presis, slik at det ikkje er tvil om kva rettsleg handlingsrom Husbanken og kommunane har ved mistanke om misbruk av ei l ne- eller tilskotsordning.

Departementet f reslo at Husbanken og kommunane i utgangspunktet f r lovheimel til   hente inn nye opplysningar og kontrollere dei opplysningane dei har fr  f r, n r det er rimeleg grunn til   mistenkje at ei l ne- eller tilskotsordning blir misbrukt. Departementet f reslo at beviskravet for   hente inn personopplysningar til kontrollf rem l

skulle vere «rimeleg grunn til   unders kja». Opprekninga av kva opplysningar Husbanken og kommunane kan hente inn med kontrollf rem l, var den same som for den ordin re handsaminga av s knader. Vidare f reslo departementet ein heimel til   p leggje s kjaren   gje opplysningar ved mistanke om at utbetalingar har skjedd p  urett-kome grunnlag. Departementet f reslo reglar om at Husbanken og kommunane skal ha plikt til   informere s kjaren og eventuelle tredjepersonar om kva slags opplysningar som er henta inn, kva for kjelder eller register opplysningane er henta fr , kva f rem let med innhentinga er, og kva som var utfallet av kontrollen.

6.3 Innspel fr  h yringsinstansane

Datatilsynet meiner at samtykke ikkje er eigna som rettsleg grunnlag for   handsame opplysningar til kontrollf rem l.

Politidirektoratet legg til grunn at forslaget ikkje vil f re til endringar av den noverande ordninga og rollefordelinga mellom forvaltninga og politiet. Politidirektoratet g r ut fr  at det framleis er politiet som skal vurdere behovet for, og gjennomf re, dei mest inngripande tiltaka (slik som husransakingar).

Hammerfest kommune st ttar forslaget. Hammerfest kommune meiner det er viktig med tilgang til   kontrollere data i etterkant av sakshandsaminga. Slik kan ein sikre at ein treffer m l-gruppa for verkemidla godt nok.

Oslo kommune, byr dsavdeling for eldre, helse og sosiale tjenester meiner det er behov for eit klart rettsleg grunnlag for   kunne gjere kontrollar.

Oslo kommune, velferdsetaten st ttar forslaget.

Stavanger kommune st ttar forslaget.

6.4 Vurderingar fr  departementet

6.4.1 Om behovet for rettsleg grunnlag i lov

Ordningane til Husbanken utgjer bruk av offentlege midlar. Departementet meiner derfor at kommunane og Husbanken m  kunne setje i verk n dvendige og rimelege tiltak for   avdekkje og avgrense misbruk av ordningane. Ved vurderinga av kva som er rimeleg, m  ein ta omsyn til at grunnl n og startl n nettopp er *l n*, som skal betalast tilbake – med renter. Sj lv om l na blir gjevne p  gunstige vilk r, m  eventuelle kontrolltiltak st  i samsvar med den gevinsten staten kan oppn  ved   avdekkje eit misbruk. Tilpassingstilskota er dessutan ofte relativt sm . Gjennomsnittet for dei tre siste  ra har lege p  90 000 kroner. Eta-

bleringstilskota er noko større – der har gjennomsnittet for dei tre siste åra vore 256 000 kroner.

Samtykke er ikkje alltid eigna som rettsleg grunnlag for å føre kontroll med at utbetalingar blir gjevne på rett grunnlag.

Husbanken har allereie heimel i bustøttelova § 8 c til å hente inn opplysningar ved rimeleg mistanke om urettkomen utbetaling av bustøtte. Arbeids- og velferdsetaten har tilsvarende heimel i folketrygdlova § 21-4 c ved mistanke om urettkomne trygdeutbetalingar. Skattestyresmaktene har også heimel til å hente inn opplysningar med kontroll som føremål, jf. likningslova § 6-2. Dei omsyna som grunnlegg desse reglane, gjeld også for låne- og tilskotsordningane til Husbanken. Slik departementet ser det, bør Husbanken og kommunane derfor få rettsleg grunnlag i lov til å kontrollere opplysningar dei har frå før, og til å hente inn nye opplysningar når det er rimeleg grunn til å mistenke at ei låne- eller tilskotsordning blir misbrukt.

Departementet ser at det er eit større inngrep i personopplysningsvernet til søkjaren å hente inn nye opplysningar om søkjaren ved mistanke om misbruk enn å hente inn opplysningar for å handsame ein søknad. Dette gjeld sjølv om opplysningstypene for så vidt er dei same, fordi føremålet med innhentinga er å kontrollere mogleg misbruk. Departementet ser også at ein kan diskutere om innhenting av personopplysningar til dette føremålet aktualiserer dei strengare krava som gjeld for sensitive personopplysningar, jf. personopplysningslova § 2 nr. 8 bokstav b. Føresegna gjeld opplysningar om at ein person har vore «mistenkt, siktet, tiltalt eller dømt for en straffbar handling». Uansett om omstenda rundt informasjonssinnhentinga gjer at ein kjem inn under definisjonen av sensitive personopplysningar eller ikkje, meiner departementet at ein må stille strenge krav til handsaming av personopplysningar for eit slikt føremål.

Innhenting og handsaming av personopplysningar med føremål om å kontrollere om lån eller tilskot er gjevne på feilaktig grunnlag, må drøftast ut frå *legalitetsprinsippet*. Prinsippet, som er grunnlovfesta, går ut på at inngrep som forvaltninga ønskjer å gjere overfor den enkelte, må ha heimel i lov, jf. Grunnlova § 113. Føresegna var ny ved grunnlovsreforma i 2014 og svarar til forslaget frå det stortingsoppnemnde Lønning-utvalet. Utvalet greidde ut spørsmålet om ei generell utviding av menneskerettsvernet i Grunnlova. Utvalet understreka at dei ikkje tok sikte på noka endring av rettstilstanden, samanlikna med den som følgde av konstitusjonell sedvanerett, jf. Dok. 16

(2011–2012), side 248. Føremålet med § 113 var å «synliggjøre prinsippet og samtidig vise at det fungerer som en reell skranke for maktavernes myndighetsutøvelse».

Kontrollar som blir utførte av offentlege styresmakter, vil vere eit slikt «inngrep» overfor den enkelte. Dess meir inngripande tiltaket er, dess klarare må lovheimelen vere. Føremålet med å kontrollere utbetalte lån og tilskot er ikkje berre å unngå feilutbetalingar, men også å hindre at ordningane blir misbrukte. I dei tilfella der kontroll kan føre til at misbruk blir avdekt, med påfølgjande mogleg straffansvar for borgarane, følgjer det av legalitetsprinsippet at presisjonsnivået i lova må vere høgt. Heimelsgrunnlaget må vere tydeleg og målretta.

6.4.2 Nærare om lovheimelen for kontrollføremål

Departementet føreslår eit rettsleg grunnlag for kontroll som dekkjer alle dei opplysningane og opplysningstypene som det er aktuelt for Husbanken og kommunane å hente inn og byggje på i den alminnelege sakshandsaminga (sjå § 10 i lovforslaget).

Etter § 10 fjerde ledd i lovforslaget kan Husbanken og kommunane i den ordinære sakshandsaminga *ikkje* hente inn opplysningar om helseforhold utan samtykke frå søkjaren. Husbanken og kommunane må derfor, når det i sakshandsaminga er behov for å få opplysningar om helseforhold, framleis hente inn samtykke.

Samtidig er det slik at samtykke er mindre eigna som handsamingsgrunnlag for å føre kontroll med at utbetalingar har skjedd på rett grunnlag. Dette er fordi det er grunn til å frykte at søkjaren vil nekte å samtykkje til at det blir henta inn personopplysningar, slik at kontrollen blir lite effektiv. Ein lovheimel til å hente inn opplysningar også om helseforhold når ein er i ein kontrollsituasjon, er derfor å føretekke av omsyn til effektivitet. På den andre sida er departementet einig med Datatilsynet i at det er verdifullt for personopplysningsvernet til søkjaren å få halde på kontrollen over eigne personopplysningar, også i ein situasjon der det er rimeleg grunn til å mistenke at ei utbetaling har skjedd på urettkome grunnlag. Dei to omsyna trekkjer her i kvar si retning, og departementet har vore noko i tvil om det behovet samfunnet har for kontroll, veg så tungt at retten til sjølv å råde over eigne sensitive personopplysningar bør bli sett til side. Som ei mellomløyning mellom å føre vidare det noverande kravet om «reint» samtykke og å innføre eit reint handsamingsgrunnlag i lov, føreslår departementet å innføre

handsamingsgrunnlag i lov kombinert med at søkjaren får rett til å velje å leggje fram dei nødvendige helseopplysningane sjølv. Ei slik løysing vil sikre det personvernrettslege medråderettsprinsippet samtidig som mangel på samtykke ikkje vil gjere ein nødvendig kontroll umogleg å gjennomføre. Departementet legg til grunn at det ofte vil gje meirverdi for personvernet til søkjaren å ta avgjerda sjølv. I tillegg føreslår departementet ei føresegn som allereie på søknadstidspunktet pålegg Husbanken og kommunen å informere søkjaren om at opplysningar om helseforhold vil kunne bli henta inn utan samtykke, med kontroll som føremål.

Når handsamingsgrunnlaget blir gjeve i lov framfor å basere seg på samtykke, er det nødvendig å frita helsepersonell frå teieplikta.

Arbeids- og velferdsetaten har heimel i folketrygdlova § 21-4 andre ledd til å påleggje helsepersonell å undersøkje eller intervju pasientar for å kontrollere om vilkåra for ytingar etter lova er oppfylte. Husbanken og kommunane vil ikkje ha eit like stort behov som Arbeids- og velferdsetaten for å kontrollere helseopplysningar. Departementet legg til grunn at det normalt vil vere nok å hente inn ny legeattest eller legeerklæring, eventuelt eit utdrag av pasientjournalen, utan at helsepersonellet treng å kalle inn søkjaren til kontrollundersøking. Departementet finn det ikkje nødvendig eller tenleg å gje Husbanken og kommunane heimel til å påleggje helsepersonell å undersøkje eller intervju ein pasient.

Kontrollheimelen må for det første gje heimel til å kontrollere opplysningar om *søkjaren*. Der det er relevant, må heimelen også omfatte innhenting av opplysningar om *husstandsmedlemmene til søkjaren*. Dette er meir problematisk i eit personvernperspektiv fordi mistanken som legitimerer innhenting av opplysningar, ikkje er direkte retta mot den opplysningane gjeld. Utfallet av slike kontrollar har samtidig normalt mindre direkte innverknad for slike tredjepersonar enn dei har for søkjaren sjølv. Personvernulempa ved å hente inn opplysningar om husstandsmedlemmene til søkjaren kan bøtast på ved at heimlane klart skildrar kva for opplysningar det er aktuelt å hente inn og kontrollere, og ved at det ikkje blir henta inn fleire opplysningar om husstandsmedlemmene til søkjaren enn det som er strengt nødvendig. Vidare vil personvernulempa for tredjepersonar bli redusert ved å følgje prinsippet om avgrensing av føremålet. Overskotsinformasjon om tredjepersonar skal ikkje lagrast, nyttast eller leverast ut til andre.

Eventuelle personvernulempar for søkjaren og tredjepersonar vil også bli mildna ved at dei aktu-

elle personane får informasjon om korleis personopplysningane om dei blir handsama, i tråd med det grunnleggjande prinsippet om informasjon. Departementet føreslår derfor ei slik informasjonsplikt i dette lovutkastet.

Lova bør skildre korleis innhentinga av opplysningar for kontrollføremål skal skje. Normalt vil det vere nok å hente inn skriftleg dokumentasjon, slik som opplysningar frå folkeregisteret, likningsinformasjon, oversikt over trygdeytingar og liknande. Departementet føreslår som nemnt i punkt 6.2 å gje Husbanken og kommunane heimel til å hente inn slike opplysningar direkte frå den aktuelle kjelda. Kontroll av slike opplysningar vil normalt kunne skje ved at ein hentar inn oppdaterte opplysningar frå den same kjelda. Dersom det er søkjaren sjølv som har gjeve opplysningane, kan kontrollen skje ved at Husbanken eller kommunane hentar inn skriftlege opplysningar direkte frå skattestyresmaktene, Arbeids- og velferdsetaten eller andre kjelder.

6.4.3 Beviskravet

Departementet føreslår at kravet til bevis blir sett til «rimeleg grunn til å undersøkje», som i straffeprosesslova § 224 første ledd. Kontrollheimlane til andre forvaltningsorgan har det same beviskravet for samanliknbar informasjonsinnhenting, slik som folketrygdlova § 21-4 a for Arbeids- og velferdsetaten. Bustøttelova § 8 c, som gjev Husbanken heimel til å hente inn opplysningar frå tredjepersonar ved mistanke om urettkomen utbetaling av bustøtte, skal ha den same terskelen som i folketrygdlova, sjølv om ordlyden er «rimeleg grunn til mistanke».

6.4.4 Stadleg kontroll i private heimar? Opplysningsplikt?

I høyringsnotatet blei det drøfta om husbanklova bør ha heimel for å gjennomføre kontroll i den private heimen til søkjaren. Høyringsnotatet konkluderte med at kontrollar bør skje ved mindre inngrepande tiltak enn stadlege kontrollar – til dømes ved å påleggje søkjaren å gje opplysningar.

Politidirektoratet legg til grunn i høyringssvaret sitt at forslaget ikkje vil føre til endringar av den noverande ordninga og rollefordelinga mellom forvaltninga og politiet. Politidirektoratet går ut frå at politiet framleis skal vurdere behovet for, og eventuelt gjennomføre, dei mest inngrepande tiltaka (slik som kontrollar i private heimar). Departementet er einig med Politidirektoratet. Dette hindrar sjølv sagt ikkje Husbanken og kom-

munane i å melde søkjaren til politiet dersom dei mistenkjer svik.

Departementet meiner samtidig at Husbanken og kommunane bør få ein heimel til å påleggje søkjaren å gje opplysningar når det oppstår ein rimeleg grunn til å undersøkje om ei utbetaling er brukt slik ho var tenkt. Heimelen bør vere generell for alle lån og tilskot, men vil i praksis bli mest brukt til å kontrollere at tilpassingstilskot faktisk er brukte til å tilpasse bustaden til dei behova tilskotet var meint til. Departementet føreslår derfor at søkjaren kan bli pålagd å dokumentere at tilpassingane i bustaden er gjennomførte. Dokumentasjonen kan til dømes vere kvitteringar og bilete som viser at tilskotet er brukt til det som blei lagt til grunn ved tildelinga.

7 Handsaming av personopplysningar til statistikk, analyse, forskning og testing

7.1 Statistikk og analyse

Husbanken utarbeider ei rekkje statistikkar og analysar basert på ordningane sine. I dette arbeidet brukar Husbanken personopplysningar om søkjarane. Husbanken har lagt til grunn at det rettslege grunnlaget for å handsame personopplysningar til statistikk og analyse er personopplysningslova § 8 bokstav d, e og f, og § 9 første ledd bokstav h for sensitive personopplysningar. I søknadsskjemaet for startlån og tilpassingstilskot/etableringstilskot står det at personopplysningane vil bli brukte til statistikk og analyse. Arbeidet med å lage statistikk og analysar er internt, og krev dermed ikkje at det blir levert ut personopplysningar til andre aktørar.

Det å hente inn samtykke frå kvar enkelt som blir registrert, for å kunne bruke opplysningar til statistikk- og analyseføremål er kostnadskrevjande og lite effektivt. Departementet føreslo derfor i høyringsnotatet å gje Husbanken ein eksplisitt heimel i husbanklova for å handsame personopplysningar til statistikk og analyse.

Legeforeningen er skeptisk til å opne for å bruke helseopplysningane til statistikk og analyse, til forskning og til testing/feilsøking. Sekundærbruk må krevje samtykke. I tillegg til at det er viktig med god informasjon til pasienten, må også legen bli informert godt i desse prosessane. Legeforeninga opplyser at dei fleste legar ikkje har kunnskap om Husbanken og at dei har tilgang til å hente inn informasjon, og heller ikkje kjennskap til korleis Husbanken brukar informasjonen.

Departementet meiner det er rett at Husbanken får heimel til å handsame personopplysningar i deira eiga lov. Med ein heimel i husbanklova blir handsamingsgrunnlaget tydelegare og meir presist enn det meir generelle rettslege grunnlaget i personopplysningslova, som Husbanken baserer seg på i dag. Med rettsleg grunnlag i lov treng ikkje Husbanken bruke ressursar på å hente inn samtykke frå kvar enkelt som er registrert. Departementet meiner at samfunnet vil ha interesse av å gje Husbanken heimel i lov til å lage statistikk og analysar basert på allereie innsamla personopplysningar, og at dette derfor er eit nødvendig tiltak. Inngrepet i personopplysningsvernet til den registrerte må reknast som avgrensa og rimeleg. Departementet føreslår at det skal gå tydeleg fram at handsaming av personopplysningar berre kan skje i den grad ein ikkje kan oppnå føremålet ved å bruke anonymiserte opplysningar.

7.2 Forsking

Handsaming av personopplysningar til forskingsføremål er både legitimt og viktig. Forsking vil likevel i større grad enn utarbeiding av statistikk og analyse internt i Husbanken krevje utlevering av opplysningar på ulike måtar til ulike forskarar og forskingsinstansar.

Departementet føreslo i høyringsnotatet ein heimel for lagring av personopplysningar til forskingsføremål. Sidan forskning i større grad enn intern utarbeiding av statistikk og analyse krev utlevering av opplysningar til forskarar og forskingsinstansar, tok høyringsnotatet utgangspunkt i at sjølve utleveringa av opplysningane framleis skal vere regulert av forvaltningslova. Departementet føreslo også ein heimel for å gje forskrifter om utlevering av personopplysningar til forskingsføremål.

Helse- og omsorgsdepartementet reknar med at det blir gitt nærare forskrifter om utlevering av opplysningar til sekundærbruk, medrekna forskning.

Husbanken meiner forslaget opnar for meir effektiv bruk av allereie innsamla data i tråd med digitaliseringsrundskrivet.

Datatilsynet er einig med departementet i at bruk av personopplysningar til forskingsføremål er legitimt og viktig, men meiner at føresegna i lovforslaget er for open i utforming. Ho tilfredsstiller heller ikkje nødvendige krav til garantiar for den registrerte. Føresegna verkar som ei blankofullmakt for Husbanken til å bruke alle personopplysningar dei får inn eller hentar inn, til forskingsføremål. Dette er uheldig fordi det blir uklart i kva

situasjonar, på kva tidspunkt og på kva vilkår det er legitimt å bruke personopplysningar til forskning. Det går heller ikkje fram av føresegna om forskning krev samtykke frå den registrerte. Datatilsynet tilrår ikkje å lovfeste ein tilgang til å bruke personopplysningar til forskingsføremål i husbanklova. Datatilsynet meiner at Husbanken heller bør basere seg på det generelle regelverket (hovudsakleg personopplysningslova) og forskningsetiske retningslinjer. Som hovudregel krev forskning som omfattar handsaming av personopplysningar, samtykke frå den som er registrert. Det vil også vere krav om konsesjon frå Datatilsynet dersom forskinga omfattar handsaming av sensitive personopplysningar. I tillegg vil det krevje dispensasjon frå teieplikt dersom forskinga ikkje skal vere basert på samtykke. Dette er den ordninga som blir praktisert for både private og offentlege verksemdar som vil gjennomføre forskning på personopplysningar.

Legeforeningen er skeptisk til å opne for å bruke helseopplysningane til forskning. Sekundærbruk må krevje samtykke. I tillegg til at det er viktig med god informasjon til pasienten, må også legen bli informert godt i desse prosessane. Legeforeninga opplyser at dei fleste legar ikkje har kunnskap om Husbanken og at dei har tilgang til å hente inn informasjon, og heller ikkje kjennskap til korleis Husbanken brukar informasjonen.

Departementet viser til at personopplysningar som hovudregel ikkje kan lagrast lenger enn det som er nødvendig for å gjennomføre føremålet med handsaminga, jf. personopplysningslova § 28 første ledd. Sagt på ein annan måte: Husbanken kan ikkje lagre personopplysningar lenger enn i den perioden dei har sakleg behov for opplysningane. Når til dømes eit startlån er betalt ned eller eit tilpassingstilskot er betalt ut, vil Husbanken ofte ikkje lenger ha eit sakleg behov for å lagre opplysningane. Departementet meiner derfor at det er tenleg at Husbanken får ein eksplisitt heimel til å lagre personopplysningar, utan samtykke frå den registrerte, til forskingsføremål.

Departementet føreslår, i tråd med høyringsfråsegna frå Datatilsynet, at tilgangen til å *levere ut* personopplysningar til forskingsføremål ikkje blir regulert særskilt i husbanklova, men framleis skal avgjerast etter dei generelle reglane i personopplysningslova.

7.3 Testing, feilsøking og feilretting i IKT-system

Husbanken utviklar for tida eit IKT-system for kommunen for handsaming av startlån og til-

skot, som skal sikre at ein får inn dei nødvendige opplysningane for å gjere vedtak. For at denne typen digitalisering skal bli vellykka, kan det vere nødvendig å bruke personopplysningar til testing og feilsøking. Det same gjeld for den daglege IKT-støtta til Husbanken og kommunane når sakshandsamingssystemet blir teke i bruk. På bakgrunn av dette føreslo departementet ein heimel for Husbanken til å bruke personopplysningar til nødvendig testing og feilsøking i det digitale sakshandsamingssystemet til Husbanken.

Husbanken har lagt til grunn at handsamingsgrunnlaget for testing, feilsøking og feilretting er personopplysningslova § 8 bokstav f. Denne føresegna heimlar handsaming av personopplysningar når det er naudsynt for «at den behandlingsansvarlige eller tredjepersoner som opplysningene utleveres til kan vareta en berettiget interesse, og hensynet til den registrertes personvern ikke overstiger denne interessen».

I høyringsnotatet føreslo departementet å gje Husbanken ein eksplisitt heimel til å handsame personopplysningar når det er «naudsynt» for testing, feilsøking og feilretting i dei digitale sakshandsamingssystema til Husbanken.

Datatilsynet synest det er bra at departementet går inn for å lovregulere bruk av personopplysningar til testing og feilsøking i samband med digitalisering. Lovfesting skaper openheit om kva personopplysningane blir brukte til. Slik Datatilsynet ser det, treng likevel vilkåret om at innhentinga må vere «naudsynt», ei nærare presisering. Dersom det er mogleg, bør ein alltid nytte anonymiserte testdata. Dette er fordi bruk av personopplysningar til andre føremål enn det opphavlege må reknast som eit inngrep i personvernet til den enkelte, og fordi konfidensialiteten tilseier det. Personar som primært driv med systemutvikling og systemvedlikehald, skal som regel ikkje ha tilgang til helse- og personopplysningar. Slik Datatilsynet ser det, vil det vere akseptabelt å bruke reelle data til testing og feilsøking der dette er nødvendig for å oppnå sjølve føremålet med handsaminga – til dømes i siste test av integritet ved systemoppgraderingar. Dette står i klar motsetning til bruk av opplysningane i systemutvikling i ein digitaliseringsprosess eller liknande. Systemutvikling fell utanfor det som er «naudsynt» bruk av reelle data for testing og feilsøking, slik Datatilsynet vurderer det. Dette utelukkar ikkje at ein kan bruke reelle data til systemutvikling, men det krev samtykke frå den registrerte før handsaminga tek til. Alternativet er å bruke anonyme eller fiktive testdata.

Dersom behovet for bruk av personopplysningar til test kjem av mangel på tilgang på testdata i den offentlege (og til dels private) samhandlingsinfrastrukturen, tilrår Datatilsynet at det blir lagt til rette for at samhandlingsaktørane kan teste løysingane sine mot kvarandre. Dette vil seie at det blir etablert felles testdatasett og rammer for slik testing. Datatilsynet legg til grunn at det fell innanfor ansvarsområdet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet å forsikre seg om at testing i den offentlege samhandlingskjeda kan skje både med god kvalitet og så lite inngrep i personvernet som mogleg.

Departementet er einig med Datatilsynet i at vilkåret om at innhentinga må vere nødvendig, bør presiserast i lova. Departementet føreslår ei formulering der det går tydeleg fram at handsaming av personopplysningar berre kan skje i den grad ein ikkje kan oppnå føremålet ved å bruke anonymiserte opplysningar.

8 Husbanklova § 4 fjerde ledd: regionale råd

Husbanken hadde tidlegare både eit hovudstyre og regionstyre for kvart regionkontor. Då husbanklova blei sett i kraft 1. januar 2010, blei det opna for ei ordning med regionale råd.

Husbanklova § 4 fjerde ledd slår fast at «departementet kan utnemna eit regionalt råd for kvart regionkontor», og at «det kan opprettast eit sentralt råd med representantar frå dei regionale råda». Rådet var meint å vere eit bindeledd mellom Husbanken regionalt og andre aktørar, spesielt kommunane, og på den måten bidra til å utvikle og gjennomføre bustadpolitikken.

Departementet er avhengig av eksterne innspel i arbeidet med å utvikle bustadpolitikken og leggje til rette for at Husbanken kan gjennomføre han. Departementet trekkjer samtidig kommunane inn i arbeidet gjennom høyringar og høyringsmøte etter behov, og deltek også i andre nettverk og forum. Også gjennom konsultasjonsordninga med KS får departementet innspel og impulsar. Departementet erfarte etter kvart at det i tillegg ikkje var behov for innspel frå rådsmedlemmene. Som eit ledd i arbeidet til regjeringa med å forenkle og effektivisere offentlig sektor blei derfor både det sentrale rådet og dei regionale råda avvikla i 2014.

Sidan heimelen i § 4 fjerde ledd til å utnemne regionale råd ikkje lenger blir brukt, føreslår departementet å oppheve han. Dersom det i framtida skulle oppstå eit behov for eller eit politisk

ønske om å opprette regionale råd, meiner departementet uansett at det kan gjerast utan at det krev heimel i lov.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Husbanken har allereie tilgang til ein del av dei registera som er nemnde i lovforslaget. Desse blir nytta til elektronisk informasjonsinnhenting dersom søkjaren har samtykt. Etter dette lovforslaget kan Husbanken krevje tilgang frå desse nye registera:

- UDI: eksisterande grensesnitt hos UDI for innhenting av opphaldsstatus for ein person

UDI tilbyr i dag ei teneste for å hente inn opphaldsstatusen til ein person. Denne er i bruk av andre statlege forvaltarar. Husbanken brukar ikkje tenesta i dag, og kostnaden for å etablere dette grensesnittet hos Husbanken og innføre det i e-søknaden og sakshandsamingsløysinga for startlån og tilskot er rekna til om lag 200 000 kroner. UDI har varsla om at tilrettelegging av tenesta for Husbanken og kommunane vil føre til kostnader for UDI. Dei går ut frå at Husbanken dekkjer desse kostnadene, og dette er departementet einig i.

- Arbeids- og velferdsetaten: eksisterande grensesnitt for å hente inn ytingar etter folketrygdlova

Arbeids- og velferdsetaten tilbyr i dag eit grensesnitt for å hente inn ytingar. Dette er i bruk i bustøtteløysinga. Kostnadene ved å ta dette i bruk i ei anna av løysingane til Husbanken er rekna til om lag 20 000 – 50 000 kroner. Så sant det ikkje er behov for andre opplysningar, er det ikkje behov for tekniske endringar i Arbeids- og velferdsetaten.

- Skatteetaten: nytt grensesnitt for å hente inn likning og faktiske inntektsopplysningar

Skatteetaten og Husbanken har sett i gang eit prosjekt med mål om å etablere nye tenester for Husbanken for å hente inn likning og faktiske inntektsopplysningar for ein bustøttesøklar. Kostnadene ved å ta dette i bruk i ei anna av løysingane til Husbanken er rekna til om lag 20 000 – 50 000 kroner. Departementet går ut frå at løysinga som no blir etablert, dekkjer behova for dei andre av løysingane til Husbanken. Dersom Husbanken seinare får behov for å utvide datasettet med fleire opplysningar, og/eller nærare detaljering, vil dette gje auka kostnader utover det skattestyresmaktene til no har planlagt for.

I den nye e-søknadsløysinga for startlån og etablerings- og tilpassingstilskota blei samtykkeløysinga utvikla som del av den nye løysinga. Dette lovforslaget og eit handsamingsgrunnlag som er heimla ved lov, vil kunne gje ei innsparing på om lag 500 000 kroner i redusert utviklingsomfang i IT-løysingar for nye ordningar med handsamingsgrunnlag basert på samtykke.

Gjennom utrekningar av gevinst i startlånmoderniseringa er det identifisert at kommunale sakshandsamarar i dag nyttar om lag 45 minutt per sak til å kontrollere søknadsopplysningar, sjekke vedlegg og slå opp i eksterne register. Kontroll av opplysningar og oppslag mot register blir ofte gjort i form av direktekontakt med andre offentlege forvaltarar. Den totale tidsbruken omfattar derfor eit ikkje kjent tillegg i tidsbruk hos dei andre partane. Gjennom maskinelt oppslag mot eksterne register vil denne tidsbruken bli redusert. Tidsreduksjonen per handsama startlånsøknad er rekna til 30 minutt. Med eit søknadsvolum på 20 000 søknader og ein lønnskostnad på 375 kroner per time utgjer dette ein årleg kostnadsreduksjon på 3,75 millionar kroner.

Maskinelt oppslag vil føre til eit standardisert avgjerdsgrunnlag som er oppdatert og opplyst på bakgrunn av kjelda for informasjonen, og ikkje på bakgrunn av dei opplysningane som søkjaren har lagt fram, eller som ein sakshandsamar har henta inn manuelt. Dette vil føre til meir lik sakshandsaming, eit betre avgjerdsgrunnlag og auka kontroll på vedtaka i ordningane. Vidare vil søkjaren oppleve ein meir heilskapleg stat når personopplysningar i statlege register blir delte utan at søkjaren treng å hente dei fram sjølv.

10 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

Til § 10

Paragrafen regulerer den tilgangen Husbanken og kommunane har til å hente inn og handsame personopplysningar til bruk i den ordinære sakshandsaminga. Paragrafen gjeld for sakshandsaming under alle låne- og tilskotsordningane til Husbanken. Departementet viser til den generelle omtalen av regelen i kapittel 5 i denne proposisjonen.

Første ledd gjev hovudregelen om innhenting og handsaming av personopplysningar. Husbanken og kommunane har rettsleg grunnlag i dette leddet til å hente inn og handsame dei opplysningane som er nemnde i bokstav a til h, men berre

dersom det er «naudsynt» for å kunne handsame den aktuelle søknaden. Opplysningar om utdanninga til søkjaren, jf. bokstav h, vil til dømes berre unntaksvis vere nødvendig for å handsame ein søknad om tilpassingstilskot. Første ledd må lesast i samanheng med tredje ledd, som reknar opp kva kjelder dei opplysningane som er nemnde i første ledd, kan hentast frå.

Husbanken og kommunane har rett til å hente inn og handsame opplysningane utan hinder av eventuell tieplikt, så sant søkjaren er klart informert om kva opplysningar som er nødvendige, før dei blir henta inn.

Bokstav a gjev rett til å handsame dei ulike kontaktopplysningane som er nemnde, og fødselsnummer.

Bokstav b gjeld opplysningar om eventuell verje og den rettslege handleevna til søkjaren i økonomiske forhold. Verjemål har innverknad på den rettslege handleevna, mellom anna om ein kan ta opp lån. Husbanken og kommunane treng dermed opplysningar om kven som eventuelt er verje, og om rettsleg handleevne i økonomiske forhold.

Bokstav c gjeld likningsopplysningar, altså opplysningar om inntekt, formue, skatt og gjeld, medrekna opplysningar om inntekt frå Arbeids- og velferdsetaten (sjukepengar, uføretrygd m.m.).

Bokstav d gjev rett til å hente inn opplysningar om andre økonomiske forhold. Det kan til dømes vere kredittvurderingar av om søkjaren har evne til å handtere lån, om sikring for lån og om det kan vere grunnlag for å åtvare mot opptak av lån. Ved utbetaling av eit lån vil det vere heimel i bokstav d til å hente inn opplysningar frå eigedomsmeklarar om mellom anna salssum, sikring og avkall på førsterr.

Bokstav e gjeld opplysningar om «offentlege ytingar». Døme på offentlege ytingar kan vere barnetrygd og bustøtte.

Bokstav f gjeld opplysningar om «arbeidstilshøve». Døme kan vere opplysningar om kvar søkjaren er tilsett, og om ei stilling er fast eller mellombels. Opplysningar om aktive arbeidsforhold kan hentast inn frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret.

Bokstav g gjev Husbanken og kommunane rett til å handsame opplysningar om «opphaldsløyve og opphaldsrett». Omgrepet «opphaldsrett» inkluderer – i motsetning til omgrepet «opphaldsløyve» – også registrerte EØS-borgarar. Det at heimelsgrunnlaget også dekkjer opplysningar om bakgrunnen for eit løyve eller ein opphaldsrett, vil seie at det omfattar opplysningar om kva opphaldsgrunnlag ein søkjar konkret har (til dømes

familiesameining eller studieløyve), og om det er mellombels eller permanent.

Bokstav h gjeld for det første opplysningar om «bustad og butilhøve». Slike opplysningar kan vere aktuelle for kommunen når han skal vurdere om ein bustad er eigna for søkjaren, og ein kan til dømes hente dei frå ein eigedomsmeklar. For det andre gjeld bokstav h opplysningar om «sosiale tilhøve», men slike opplysningar vil det berre unntaksvis vere «nødvendig» å hente inn. Det kan vere aktuelt i saker om startlån, jf. startlånforskrifta § 3 fjerde ledd bokstav a, der det går fram at kommunen kan gje startlån til husstandar med særlege sosiale utfordringar. Det kan til dømes vere snakk om eit samlivsbrot. Som oftast vil søkjaren på eige initiativ kome med slike opplysningar. Husbanken og kommunane har då rettsleg grunnlag også for å bruke opplysningane i sakshandsaminga. Dersom Husbanken eller kommunane unntaksvis på eige initiativ skulle finne det nødvendig å hente inn opplysningar om sosiale forhold, følgjer det av tredje ledd siste punktum at opplysningane berre kan bli henta inn frå søkjaren sjølv.

Bokstav i gjeld opplysningar om utdanninga til søkjaren. Kommunane har behov for å hente inn opplysningar om utdanning for å kunne vurdere den noverande og framtidige evna søkjaren vil ha til å handtere eit startlån. Kommunane treng også opplysningar om kva land utdanninga er teken i, fordi det ikkje er uvanleg at utanlandsk utdanning ikkje blir godkjend i Noreg.

Etter *andre ledd* gjeld innhentingsretten også dersom det er nødvendig for å forvalte gjevne tilskot og lån. Det kan til dømes dreie seg om saker om mishald, der det er kravd tvangssal.

Tredje ledd reknar opp kva kjelder dei opplysningane som er nemnde i første ledd, kan hentast frå. I *første punktum* blir det slått fast at opplysningar først og fremst kan hentast inn frå søkjaren sjølv, men ei kjelde kan også vere eit register, slik som kontakt- og reservasjonsregisteret, folkeregisteret, Aa-registeret og båtregister (i praksis småbåtregisteret). Ei kjelde kan også vere eit forvaltningsorgan, slik som Arbeids- og velferdsetaten, Kartverket og skattestyresmaktene, eller ein utdanningsinstitusjon. Vidare kan ei kjelde vere ein privat organisasjon, slik som ein finansinstitusjon (typisk ein bank), eit forsikringsselskap, ein eigedomsmeklar eller eit selskap som tilbyr kredittvurderingar. Første punktum gjev også rettsleg grunnlag for å hente inn opplysningar frå arbeidsgjevaren. Sidan det kan opplevast som belastande at det blir henta inn opplysningar direkte frå arbeidsgjevaren og banken, følgjer det

av *andre punktum* at opplysningane berre kan bli henta inn derfrå dersom søkjaren nektar å skaffe opplysninga på eiga hand (medråderettsprinsippet). Tredje punktum seier at opplysningar om sosiale forhold berre kan hentast inn frå søkjaren sjølv.

Etter *fjerde ledd* kan søkjaren bli beden om å gje samtykke til at Husbanken eller kommunen kan hente inn opplysningar om helseforhold frå helsepersonell. Samtykket opphevar den teileplikta helsepersonell har etter helsepersonellova § 21. Husbanken har kort oppsummert behov for opplysningar om helseforhold av to årsaker: For det første kan helserelaterte forhold verke inn på den økonomiske situasjonen til søkjaren, som er det primære vurderingstemaet ved tildeling under ordningane til Husbanken. For det andre har omfanget og karakteren av funksjonsnedsetjingar innverknad ved vurdering av tilskot til tilpassing av eigen bustad.

Femte ledd gjev Husbanken og kommunane pålegg om å gje informasjon til den som må gje frå seg opplysningar, og til den eller dei det blir henta inn opplysningar om. Etter *første punktum* skal Husbanken eller kommunen opplyse den som blir pålagd å gje frå seg opplysningar, om føremålet med innhentinga, om heimelen for innhentinga og om høvet til å klage over eit pålegg om å gje frå seg opplysningar. *Andre punktum* handlar om informasjon til den eller dei det blir henta inn opplysningar om. Husbanken eller kommunen skal på søknadstidspunktet opplyse desse personane om kva kjelder opplysningane blir henta frå, kva opplysningane skal brukast til, og retten til å gjennomføre etterfølgjande kontrollar etter § 11.

Sjette ledd slår fast at den som blir pålagd å gje opplysningar, ikkje har krav på godtgjersle. Dei opplysningane denne paragrafen tek føre seg, er i all hovudsak opplysningar som allereie eksisterer, altså opplysningar som ikkje må produserast. Det er derfor ikkje urimeleg at den aktuelle kjelda må gje frå seg opplysningane utan godtgjersle. Dette står i motsetning til helsepersonell som med heimel i § 11 andre ledd må gå gjennom ein pasientjournal og plukke ut relevant informasjon, eller som må skrive ei fagleg fråsegn.

Det kan vere ressurskrevjande å hente inn samtykke frå fleire personar i den same søknaden. *Sjuande ledd* handlar derfor om retten til å hente inn og handsame opplysningar om tredjepersonar. Husbanken og kommunane kan hente inn nødvendige opplysningar om ektefellen eller sambuaren til søkjaren, og dessutan om heimebuande barn eller andre husstandsmedlemmer. Eit døme kan vere der ungane til søkjaren har nedsett funk-

sjonsevne og dette er grunnlaget for ein søknad om tilpassingstilskot.

Åttande ledd er ein heimel for departementet til å gje nærare forskrifter om retten til å hente inn og handsame personopplysningar.

Til § 11

Paragrafen gjev Husbanken og kommunane rettsleg grunnlag for å hente inn og handsame personopplysningar når det er rimeleg grunn til å undersøkje om ei ordning blir misbrukt. Husbanken og kommunane kan setje i verk nødvendige og rimelege tiltak for kontrollføremål. Departementet viser til den generelle omtalen av regelen i kapittel 6 i denne proposisjonen.

Første ledd gjev heimel for å påleggje søkjaren å gje opplysningar når det er «rimeleg grunn» til å undersøkje om ei utbetaling er brukt slik ho var tenkt. Rimeleg grunn til å undersøkje skal forståast på same måten som det tilsvarende kravet i straffeprosesslova § 224 første ledd, folketrygdlova § 21-4 a og bustøttelova § 8 c. Det vil vere nok til å kontrollere opplysningar at Husbanken eller kommunen meiner det er truleg at ei ordning blir misbrukt, og vurderer det som nødvendig å hente inn fleire opplysningar for å avkrefte eller stadfeste denne mistanken. Vurderinga vil vere utprega skjønnsmessig. Søkjaren kan til dømes bli pålagd å leggje fram kvitteringar og bilete som viser at eit tilpassingstilskot er brukt til det som blei lagt til grunn ved tildelinga.

Etter *andre ledd første punktum* kan Husbanken og kommunane hente inn oppdaterte opplysningar og kontrollere opplysningar som er nemnde i § 10. I tillegg gjev *andre punktum* handsamingsgrunnlag for nødvendige opplysningar om helseforhold, altså utan krav om samtykke. Søkjaren kan likevel etter *tredje punktum* velje sjølv å skaffe helseopplysningane. Dersom søkjaren nektar å leggje fram dei helseopplysningane kommunen ber om, har likevel kommunen rett til å hente inn opplysningane direkte frå helsepersonell. *Fjerde punktum* opphevar den teieplikta helsepersonell har etter helsepersonellova § 21. Vilkåret om at innhentinga må vere nødvendig, fører til at det berre er utdrag frå ein pasientjournal det kan bli aktuelt å hente inn – ikkje ein fullstendig og uredigert journal. Det kan også vere aktuelt å be helsepersonell om å skrive ei erklæring eller ei fråsegn. Helsepersonellet skal ha godtgjersle for slikt arbeid, jf. *femte punktum*.

Det grunnleggjande personvernrettslege prinsippet om informasjon er lovfesta i *tredje ledd*. Etter *første punktum* skal Husbanken og kommu-

nane informere søkjaren og eventuelle tredje-personar om kva slags opplysningar som er henta inn, frå kva kjelder og med kva føremål (kontroll). Husbanken og kommunane må også informere om utfallet av kontrollen. I *andre punktum* er det bestemt at Husbanken og kommunane kan vente med å informere til etter at kontrollen er gjennomført. Utsett informasjon kan vere aktuelt dersom det er truleg at føremålet med kontrollen ikkje vil bli oppnådd dersom den som blir kontrollert, får kjennskap til han på førehand.

Til § 12

Paragrafen regulerer den retten Husbanken har til å bruke personopplysningar til andre føremål enn det dei opphavleg blei samla inn for («sekundærbruk»). Departementet viser til den generelle omtalen av regelen i kapittel 7 i denne proposisjonen.

Første ledd første punktum gjev Husbanken rettsleg grunnlag til å lage nødvendig statistikk og analysar basert på allereie innsamla personopplysningar, utan samtykke frå den registrerte. Det vil ikkje vere nødvendig å bruke personopplysningar dersom ein kan oppnå føremålet ved å bruke anonymiserte opplysningar. *Andre punktum* slår fast at kommunane har det same rettslege grunnlaget, og dessutan at kommunane kan gje personopplysningar til Husbanken, slik at Husbanken kan bruke opplysningane til å lage nødvendig statistikk og analyse.

Andre ledd første punktum gjev Husbanken rettsleg grunnlag for å lagre personopplysningar til seinare bruk i forskning. Dette vil seie at Husbanken ikkje må hente inn samtykke for å lagre opplysningane dersom føremålet er seinare forskning. Om det er høve til å levere ut opplysningane til forskingsføremål, må avgjerast etter reglane i personopplysingslova. Det kan også vere relevant å sjå til forskingsetiske retningslinjer. I *andre punktum* har departementet heimel for å gje nærare føresegner om utlevering av personopplysningar frå Husbanken i enkeltvedtak eller forskrift, jf. forvaltningslova § 13 d.

Tredje ledd første punktum regulerer bruk av personopplysningar til nødvendig testing, søking etter feil og feilretting i dei digitale sakshandsamingssystema til Husbanken. Det vil ikkje vere nødvendig å bruke personopplysningar dersom ein kan oppnå føremålet ved å bruke anonymiserte opplysningar. I *andre punktum* har departementet heimel for å gje nærare føresegner om handsaming av personopplysningar til dette føremålet.

Til ikraftsetjingsregelen

Departementet føreslår at lova skal gjelde frå den tida Kongen fastset.

Lovendringane er ikkje av ein slik art at det er behov for overgangsreglar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i husbankloven (handsaming av personopplysningar).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i husbankloven (handsaming av personopplysningar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i husbankloven (handsaming av personopplysningar)

I

I lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken vert det gjort slike endringar:

§ 4 fjerde ledd blir oppheva.

Ny § 10 skal lyde:

§ 10 Innhenting og handsaming av personopplysningar i samband med tilskot og lån

Når det er naudsynt for sakshandsaminga, kan Husbanken og kommunane utan hinder av teieplikt henta inn og handsama

- a) opplysningar om namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse, kundennummer og reservasjonsstatus for digital post, kontonummer, målform og fødselsnummer
- b) opplysningar om eventuell verje og den rettslege handleevna til søkjaren i økonomiske tilhøve
- c) opplysningar om inntekt, formue, skatt og gjeld, medrekna opplysningar om inntekt frå Arbeids- og velferdsetaten
- d) andre opplysningar om økonomiske tilhøve
- e) opplysningar om offentlege ytingar
- f) opplysningar om arbeidstilhøve
- g) opplysningar om opphaldsløyve og opphaldsrett, og bakgrunnen for gjevne løyve og rettar
- h) opplysningar om bustad, butilhøve og sosiale tilhøve
- i) opplysningar om utdanninga til søkjaren.

Opplysningane som er nemnde i fyrste leddet, kan òg verta henta inn og handsama dersom dei er naudsynte for å forvalta løyvde tilskot og lån.

Opplysningane kan verta henta inn frå søkjaren sjølv, folkeregisteret, kontakt- og reservasjonsregisteret, arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret, skattestyresmaktene, Kartverket, arbeidsgjevarar, utdanningsinstitusjonar, forsikringsselskap, eigedomsmeklarar, finansinstitusjonar, selskap som tilbyr kredittvurderingar, båtregister, Arbeids- og velferdsetaten og anna offentlig styresmakt. Søkjaren skal likevel ha rett til å velja å skaffa opplysningar frå arbeidsgjevar og

bank sjølv. Opplysningar om sosiale tilhøve kan berre hentast inn frå søkjaren sjølv.

Når det er naudsynt for sakshandsaminga, kan søkjaren eller andre som opplysningane gjeld, verta bedne om å samtykkja til at det vert henta inn helseopplysningar frå helsepersonell.

Husbanken eller kommunen skal opplysa den som blir pålagd å gje frå seg opplysningar, om føremålet med å henta inn opplysningane, om heimen for å henta inn opplysningane og om retten til å klaga, jf. forvaltningsloven § 14. Husbanken eller kommunen skal på søknadstidspunktet opplysa søkjaren og eventuelle husstandsmedlemmer om kva kjelder opplysningane vert henta frå, kva dei skal verta brukte til, og om retten til å gjennomføra etterfølgjande kontrollar.

Opplysningane som er nemnde i fyrste leddet, skal verta gjevne utan godtgjersle.

Tilgangen til å henta inn og handsama opplysningar etter denne føresegna gjeld også naudsynte opplysningar om ektefellen eller sambuaren til søkjaren, og heimebuande born eller andre husstandsmedlemmer.

Departementet kan fastsetja nærare føresegner om den tilgangen Husbanken og kommunane har til å henta inn og handsama personopplysningar.

Ny § 11 skal lyde:

§ 11 Kontroll av personopplysningar ved mistanke om utbetalingar på urettkome grunnlag

Husbanken og kommunane kan påleggja søkjaren å gje opplysningar når det er rimeleg grunn til å undersøkje om det har skjedd utbetalingar på urettkome grunnlag.

Husbanken og kommunen kan henta inn oppdaterte opplysningar og kontrollera opplysningane som er nemnde i § 10 når det er rimeleg grunn til å undersøkje om det har skjedd utbetalingar på urettkome grunnlag. Husbanken og kommunen kan òg henta inn naudsynte opplysningar om helseforhold utan samtykke frå søkjaren. Søkjaren har likevel rett til å velja å skaffa opplysningar frå helsepersonell sjølv. Opplysningane som er nemnde i dette leddet, skal verta

gjevne utan hinder av teieplikt. Husbanken fastset, etter drøftingar med dei aktuelle organisasjonane, godtgjersle for helsepersonell som vert pålagt å gje opplysningar.

Husbanken og kommunane skal opplysa søkjarar og andre personar som er nemnde i § 10, om kva opplysningar som er henta inn, frå kven og med kva føremål og utfall. Dersom det er naudsynt for å oppnå kontrollføremålet, kan slik informasjon verta utsett til etter at kontrollen er gjennomført.

Ny § 12 skal lyde:

§ 12 Handsaming av personopplysningar for statistikk, analyse, forskning og retting av feil

Husbanken kan handsama dei opplysningane som er nemnde i § 10, når det er naudsynt for å utarbeida statistikk og analysar, men berre dersom ein ikkje kan oppnå føremålet ved å bruka anonymiserte opplysningar. Det same gjeld for kommunane, som kan gje opplysningane til Husbanken.

Husbanken kan lagra dei opplysningane som er nemnde i § 10, for seinare bruk i forskning. Departementet kan gje nærare føresegner om utlevering av personopplysningar frå Husbanken til bruk i forskning i samsvar med forvaltningsloven § 13 d.

Husbanken kan handsama dei personopplysningane som er nemnde i § 10, når det er naudsynt for å testa, søkja etter feil og retta feil i dei digitale sakshandsamingssystema til Husbanken, men berre dersom ein ikkje kan oppnå føremålet ved å bruka anonymiserte opplysningar. Departementet kan gje nærare føresegner om handsaming av personopplysningar i samband med testing, søking etter feil og retting av feil.

Noverande § 10 blir ny § 13.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.
